

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Perdy Hesjevoll
Arkivsaksnr.: 21/588-5

Arkiv: 223

Tilskot til kulturføremål 2021 - kulturvern

Rådmannen si tilråding:

Luster kommune vedtek å løyve tilskot til kulturvern til:

Hafslo sogelag,

-bygdebok	kr 15 000
-drift av husmannsplassen Fluga	kr 8 000

Stiftinga Wittgenstein,

-drift av Wittgensteinhuset	kr 8 000
-----------------------------	----------

Offerdal Film.

- avslag

Løyvingane, sum kr 31 000, vert løyvt frå budsjettpost 14709 108 38502.

Rapporteringsfrist er 1. mars 2022. Tilskot som det ikkje er gjort krav på innan fristen, eller søkt om utsett rapporteringsfrist for, blir inntrekt.

Eventuelle søknader som kjem inn seinare i 2021, blir handsama av rådmannen, etter delegert fullmakt.

Saksutgreiing:

Prenta vedlegg: Reglement for tilskot til kulturføremål

Uprenta vedlegg: Søknader med vedlegg

Samandrag:

Det er kome inn tre søknader om tilskot til kulturvern innan søknadsfristen 1. mars. Reglement for tilskot til kulturføremål 2019 – 2022, pkt 7d omhandlar denne type søknader. Tilskot vert gjeve etter 1/3-dels regelen.

Utval som har vedtaksmynde: Plan- og forvaltningsutvalet

Fakta:

Budsjettet for 2021, på budsjettpost 14709 108 38502 er på kr 83 000.

Følgjande søknader er til handsaming:

Søkjar og prosjektomtale	Budsjett	Søknadssum og tilråding
Offerdal Film v/Merethe Offerdal Tveit søker om å få endre prosjektet som ho fekk støtte til i 2020. Ho fekk då innvilga kr 30 000 til «Dokumentasjonsprosjekt i Luster». Lokalhistorisk filmkurs er teke ut av søknaden. Frå å vera eit reint filmprosjekt er prosjektet endra til innsamling av video, lyd, foto og tekst. Materialet skal gjerast tilgjengeleg via podcast og nettside. Målet er å ferdigstille podcast og nettside vinteren 2022/2023		Søklar har fått innvilga kr 30 000 i 2020 til «Dokumentasjonsprosjekt i Luster». Rådmannen tilrår at Offerdal Film v/ Merethe Offerdal Tveit får endre prosjektet, som ho fekk stønad til i 2020, som omsøkt.
Offerdal Film v/Merethe Offerdal Tveit søker om å få tildelt ytterlegare kr 25 000 til «Dokumentasjonsprosjekt i Luster» no omdøpt til «Formidling av historia til Sørsida»	Utgifter er budsjettert med kr 232 500 medan finansiering er sett opp med: -Luster sparebank kr 150 000 (ikkje fått svar enno) -Luster kommune kr 55 000 -Fritt ord kr 20 000 -Eigenkapital kr 7 500	Søknadssum kr 25 000 Rådmannen tilrår at det ikkje blir innvilga ytterlegare tilskot til prosjektet «Formidling av historia til Sørsida i 2021. Ny søknad kan ev. sendast inn om eitt år når prosjektet er kome eit steg vidare.
Hafslo sogelag søker om midlar til tre prosjekt. -bygdebok for Solvorn 2 -landskapspleie Modvo -dekking av faste utg. husmannsplassen Fluga	Budsjett bygdebok kr 20 000 Budsjett Modvo kr 6 000 Budsjett Fluga kr 25 000	Søknadssum alle kr 51 000 Hafslo sogelag ventar på samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune for landskapspleie Modvo. Rådmannen tilrår Kr 15 000 til bygdebok og kr 8 000 til Fluga
Stiftinga Wittgenstein i Skjolden (SWIS) søker om driftstilskot til Wittgenstein-	Budsjett kr 60 000 til forsikring, reinhald, brosjyrer, rekneskap og	Søknadssum kr 25 000 Rådmannen tilrår kr 8 000

huset og robåt. Dette gjeld m.a.forsikring.	revisjon.	
---	-----------	--

Vurdering:

Målsetjingane som er lagt til grunn for reglement for tilskot til kulturføremål 2019 - 2022 femner om både generell informasjon og kunnskap om den immaterielle kultursoga.

Rådmannen prioriterer tilskot til avslutning av bygdebokprosjektet utover 1/3-dels regelen.

Dato: 25.03.21

Jarle Skartun
rådmann

Erling Bjørnetun
kultursjef

Særutskrift skal sendast:
søkjarane